

**Fra:** Hogne Askeland  
**Sendt:** fredag 8. oktober 2021 14:54  
**Til:** klevstad.arild@gmail.com  
**Kopi:** str@millarco.com  
**Emne:** Avløpsløyving gbnr. 502/37 - krav om rensegrad sak 21/4780 og 21//8665

Hei.

Viser til telefonsamtale ang. avløpsløyving gbnr. 502/37 - krav om rensegrad.

#### **Tiltak**

Saka gjeld søknad om utsleppsløyve med etablering av 4m<sup>3</sup> slamavskiljar med tett leidning til sjø. Tiltaket ligg i eit området som er omfatta av verneforskrift for Lurefjorden og Lindåsosane maritime verneområde.

#### **VURDERING**

Statsforvaltaren i Vestland har i brev datert 22.09.2021 vurdert at utsleppssøknaden skal handsamast i samsvar med forureiningsforskrifta § 12-8, jf. reglane om utslepp til følsame område.

Vidare skrive Statsforvaltaren at sidan verneforskrifta i utgangspunktet har forbod mot utslepp av avløpsvatn, vil det vere avgjerande at det er høg grad av reinsing før det blir slepp ut. Kommunen vurderer at søknaden ikkje er i samsvar med forureiningsforskrifta § 12-8, jf. reglane om utslepp til følsame område.

Ved etablering av omsøkte løyving, 4m<sup>3</sup> slamavskiljar med leidning til sjø vil ein ikkje oppnå dei reinsekrav som Statsforvaltaren set krav om.

Kan du sende ein e-post der du trekkjer søknaden din sak 21/4780 søknad om utsleppsløyve og sak 21/8665 søknad om rammeløyve.

Du må så søkje på nytt om utsleppsløyve som stettar reinsekrava som Statsforvaltaren set (i praksis betyr dette minirenseanlegg) og må også søkje om løyve til tiltak etter Plan- og bygningslova, du kan då søkje om eit-trinns løyve.

Ta gjerne kontakt om du treng rettleiing undervegs.

**Hogne Askeland** | Konsulent Miljø og tilsyn  
Telefon +47 56 34 90 06 Mobiltelefon +47 959 68 452

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

[www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)

